

I siste nummer av Maritimt Magasin er Eidsvik Skipsbyggeris siste båt Siem Pilot ein av dei som er presentert. Det flotte oppslaget viser båten på veg innover forbi Skorpo.

Det var 8. april Uskedalen-verftet leverte sitt byggjenummer 75 - til Siem Meling Offshore DA..

I omtalen blir det streka under at dette er det mest avanserte skipet som er bygd ved verftet. Skroget vart bygd i Tyrkia.

Skipet skal først til Nordsjøen eit halvt års tid før det startar på eit oppdrag i Brasil der rederiet har ein to år lang kontrakt med Statoil.

Fartøyet har kosta cirka 400 millionar å byggja, blir det opplyst i bladet som også omtaler dåpsseremonien 20. februar der kaptein Morten Stenkjær kom med rosande ord til staben ved Eidsvik. Han sa at det hadde vore fantastisk å jobba saman med staben.

Fartøyet er innreia for 64 personar i ein blanding av einmanns- og tomannslugarar.

Det er registrert i NOR med Stavanger som heimehamn.

Av Ola Matti Mathisen